

Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 11.09.17

Til stades: Helin Morel, Anita Haugen, Gro Nilsen og Åse-Berit Fidjeland
Meldt forfall: Karine Tjørhom Myhra og Solveig Marie Ådneram

Sak 16/17: Informasjon om inspirasjonskveld Norsk tradisjonsmat 31.08.17

Åse-Berit var på inspirasjonskveld om Norsk tradisjonsmat 31.08.17 på Bore samfunnshus. Noregs bygdekvinnelag har fått kr. 200 000,- frå Sparebankstiftelsen DNB til å samla oppskrifter på tradisjonsmat. Dette er ei vidareføring av ein oppskriftsdatabase frå 2012, og det fylkeslaget som får oppskrift frå prosentvis flest lokallag innan 1. november 2017, får ein pengepremie til å nytta til matkultur.

Anja Eilen Skadsem har ansvaret i Rogaland, og ho fortalde at ein på nettstaden <http://norsktradisjonsmat.no> kan finna ulike oppskrifter med bilete til, og ein kan søkja via både fylke, type rett, tidsbruk og råvare. Lokallaga kan sjølv velja korleis dei kjem fram til den retten dei vil presentera, men ein kan t.d. ha ein matlagingskveld, gå ut i media eller ha eit arrangement med smaksprøvar. Me kan levera så mange oppskrifter me vil. Om me ikkje får lagt inn oppskrifta på nettsida, kan me senda ho til anja.fatnes@hotmail.com. I tillegg finn ein artiklar og videoar på sida.

Elles var det føredrag av og om Jærkokken Heine Grov som serverte kveldsmat, dvs. skjever med mykje godt heimelaga pålegg, og Toralf Sele frå Sele mat på Jærhagen som stilte med kaffimat. Som vanleg på bygdekvinnekveldar i Rogaland var det loddsal med produkt frå ulike lokale leverandørar, og Åse-Berit fekk med seg både grønnsaker og ein staude heim. Det kunne vore spanande å besøkja restauranten til Jærkokken på Brynel!

Sak 17/17: Aktivitetar framover

- **Ville vekstar i praksis** står på planen i september, og det er iallfall mogleg å finna sopp og andre vekstar som nesle og geiterams. **Helin og Anita** overtar arrangementet.
- I oktober har me planlagt **jordplekakebaking**, ev. lefse/flatbrød, og Åse-Berit minner **Karine** på at ho har ansvaret der.
- **Refleksnaturstien** er planlagt på Refleksens dag 19. oktober, og **Helin og Sølvi** ordnar det anten dei vel Kvæven (bygdetunet eller Degvegen), Slottet eller Øysteinshedlaren. Solveig Marie har materiell m.m. frå i fjor, og ein kan invitera politiet og/eller O-visjonen. Sjekk med Ingeborg Selma, for Åse-Berit meiner ho skal ha overtatt ansvaret i Sirdal.

- **Årsmøtet** er dagen etter, 20. oktober, og **Åse-Berit** meiner det går an å kopla det opp mot oppskrift til Norsk tradisjonsmat. Ho diskuterer meir med **Solveig Marie**, og dei to tar ansvar for medlemsmøtet og ev. eit ope arrangement med "oppskriftsinnsamling" og ev. servering av smaksprøver.
- **Advent-/juledekorasjon** er òg planlagt, og **Åse-Berit** finn ut om **Solveig Marie** har gjort noko med det.

Sølvi etterlyste persesyntekveld, men det er det i tilfelle det nye styret som må arrangera. **Åse-Berit** tar kontakt med valnemnda snarast slik at dei kan byrja arbeidet sitt.

Sak 18/17: Nye innbuarar

Åse-Berit har ikkje besøkt Trine Tronvik og Ørjan Tjørhom (i 3. etasje hos Geir Helge) endå, og Helin besøkjer Ida Fidje med blom og informasjonsskriv. Etter møtet tipsar **Solveig Marie** om at Eivind Klemetsen etter kvart må få besøk, men det kan me venta med til han er skikkeleg installert.

Sak 19/17: Anna

Anita lurar på kva som kom fram på møtet **Solveig Marie** var på på Kvæven om **Clean shores** Hold **Sirdal** ren, men det er det ingen som veit noko om.

Fidjeland 13.09.17, **Åse-Berit**